Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 5 MAI 1981 14. ÅRGANG

# Konfirmasjon 3. og 10. mai 1981

## Til konfirmanten....

Konfirmasjonsdagane står for døra og du og foreldra dine har sikkert begynt å førebu festdagen. Du er heidersgjesten denne dagen og du har mykje å gle deg til. I kyrkja er det høgtidsgudsteneste med festkledde slektningar og vener som vil vera med deg og feira dagen. Når du kjem heim, vankar det god mat, gode ord og ynskje og ikkje minst gåver. Ta i mot alt dette med takk og gled deg over det. Greier du å visa at du er takknemleg blir du dobbelt glad. Slekt og vener vil det beste for deg.



Konfirmasjonsdagen er avslutning på konfirmasjonstida. Du syns kanskje det av og til blei lange og kjedelege timar. Undervisning har ofte lett for å bli det i din alder. Kanskje du likte best gruppesamværa i privatheimane der de var færre og det var lettare betre høve til både snakke og høyre og lettare å kome inn på tankar du var opptatt av. Eg vonar du har fått meir innsikt i kva kristendom er. Dei menneska du har kome i kontakt med i konfirmasjonstida ville gjerne gi deg noko dei har opplevd som det største i livet. Om du ikkje kjenner det slik no, så kan du kome til å hugse det seinare i livet.

**over til side 3**

## Framlegg på kandidatar til soknerådsvalet i 1981

Nominasjonsnemnda for soknerådsvalet i Arna hausten 1981 har hatt sitt første møte. Nemnda har som oppgåve å arbeide ut eit listeframlegg med 30 namn.

I ein stor og vidt-femnande kyrkjelyd som Arna vil det oversyn medlemane i nominasjonsnemnda representerer vera ufullstendig. **Nemnda oppmoder difor kyrkjefolk om å koma med framlegg på kandidatar.**

I lov om Den Norske Kyrkja heiter det mellom anna:

«Valgbar til menighetsråd og pliktig til å ta mot valg er enhver som har rett til å stemme ved valget. Rett til å kreve seg fritatt for valg har a) den som innen utgangen av valgåret har fylt 60, b) den som ved utgangen av valgåret har gjort tjeneste som medlem av menighetsrådet de fire siste år og c) den som påberoper seg svakelighet eller annen hindring som menighetsrådet godkjenner.

Kirkelig stemmerett har hvert medlem av Den norske kirke som bor i soknet og som har fylt 18 år».

Framlegg kan sendast formannen Borgny Knutsen, Vollavei 41A, 5260 Indre Arna, sekretæren Jon Tesdal, Postboks 43, 5260 Indre Arna, eller andre i nominasjonsnemnda. Framlegga vil, dersom mange sender inn, vera ei god hjelp i arbeidet til nominasjonsnemnda. **Frist for innsending er sett til utgangen av mai.**

Framlegg til kandidatar til valet i Ytre Arna kan sendast innan same frist til: Laila Rakland, Sætrefjellet, 5265 Ytre Arna.

## *KORT-TENESTE*

Mange vil gjerne sende konfirmantane ei helsing på konfirmasjonsdagen. Det er ikkje alltid like lett å få levert kort og helsingar. KFUK-speidarane vil i år hjelpa til med dette i Arna kyrkjelyd. Dei vil stå og ta i mot kort, sortere dei og levere til den einskilde konfirmant i ein konvolutt etter gudstjenesta.

## Ved altargangen

I Liturguheftet står det under nattverdutdelinga: «Brødet vert lagt i den opne handa åt nattverdgjesten».

Det ligg ein symbolikk i dette. Når me menneske kjem fram for Gud, har vi ingenting anna å koma med enn ei tom, opa hand, — som vi og syng det i ein kjend song: «Intet kan jeg bringe deg, til ditt kors jeg klynger meg». Det er i grunnen alltid vår situasjon overfor Gud.

Men kjem vi med ei tom, opa hand, så legg Han si nådegave i den. Og nådegåva ved nattverden er syndeforlating og med det fred i sinn og hjarta og von om evig liv. Dette er vår kyrkje si tru og lære.

Praktisk kan ein gjera det slik ved altargangen: Ein set serkalken frå seg på hylla innanfor altarringen, tek imot brødet i venstre hand, fører det opp til munnen med høgre og tek så att serkalken når presten kjem rundt med vinen.



## *Presten har ordet*



**Harald Sundsbø**

# Stadfesting

Konfirmasjon tyder eigentleg stadfesting. Tidlegare måtte kvar konfirmant stadfesta at han/ho ville leva i dåpspakta. Det vart gjort ved at konfirmanten svara ja på eit spørsmål om dette og gav lovnad om det.

I dag er det ikkje slik. Konfirmanten er med i kyrkjelyden si vedkjenning. Det som skjer under konfirmasjonsgudstenesta, er at kyrkjelyden ber for konfirmanten.

Likevel kan me gjerne seia at det er ei stadfesting i konfirmasjonen. Då er det ikkje at konfirmanten må stadfesta noko, men at Gud gjer det.

Me menneske kan vera vinglete. Det er ikkje Gud. Han står fast ved sitt ord og sin lovnad. Konfirmanttida skulle peika på litt av innhaldet i lovnaden, og møtet med kyrkjelyden skulle visa at den har noko å seia for menneske i dag.

I Bibelen vert lovnaden - Himmelriket samanlikna med ein skatt som var nedgravd i ein åker. Han som fann skatten, gav alt for å få den. Så verdfullt var det.

Kanskje mange i dag har vanskeleg får å sjå verdien i det? Kristendom-Gud-kyrkje er truleg ikkje det som lokkar mest og har størst apell.

Men der har Gud lagt ein skatt for oss som me kan vinna. Gud har ikkje gøymt den bort. Me kan ha lagt den til side og rota den bort mellom alt anna me fyller livet vårt med.

Ved konfirmasjon, ved gudstenester, når me les i Bibelen stadfestar Gud sine lovnader. Skatten er der! Kvar gjer me med det? Om konfirmanten ikkje lenger skal seia fram noko svar høgt for alle, vil me alle måtta svara for Gud ein gong.

**Frå side 1**

Prest, kateket og friviljuge konfirmantlæraraar vil det beste for deg. Konfirmasjon blir ofte rekna som eit skilje mellom det å vera barn og det å vera vaksen. Du trur at det å vera vaksen betyr å ha lov til meir. Til ein viss grad er det vel sant, men det å vera vaksen betyr at du får større ansvar for det du gjer og det du er. Du vil oppdage at du må ta dine eigne val til mangt og mykje. Det er så lett å velja slik at du gjer deg sjølv og andre vondt.

Konfirmasjonsdagen får du Guds velsigning i kyrkja. Gud er nær deg når presten legg handa på hovudet ditt. Gud vil vere nær deg heile livet. — Gud vil det beste for deg.

## *HUGS*

innlevering av fastebøssene helst før 30. april.

Innleveringsstadene:

— ved alle gudstenester
— prestekontora
— Arna Sparebank og Vestlandsbanken i Indre og Ytre Arna
— Smått og Stort, Arnatveit
— Flatebø Sko, Espeland.

# KONFIRMANTAR I ARNA KYRKJE

*Sundag 3. mai kl. 10.00.*

Bruvik, Terje
Djønne, Knut Jørgen
Flatås, Bjørn Magnar
Gjervik, Øyvind
Gunby, Haakon Lambert
Helle, Alf Magne
Hermansen, Stig
Jakobsen, Tom Peder
Jensen, Bernt André
Konglevoll, Morten
Midttun, Dag Arve
Mjelde, Sven Erik
Nygaard, Jan-Terje
Pedersen, Øyvind Lennart
Støle, Jarle
Thunestvedt, Bjørn
Vestre, Arild
Wærn, Karl Petter
Økland, Dag Rune

Almelid, Lilly-Anne
Berntsen, Nina
Bolstad, Anita
Bruvik, Monica
Eide, Gro Merethe
Espeland, Harriet
Fjelltveit, Marianne
Hamre, Kari
Harkestad, Merethe
Haug, Ingrid
Hemre, Inghild
Hennes, Heidi Karin
Iversen, Beate
Kvalø, Toril Margrete Endresen
Myking, Kari
Møn, Kristine
Sedvartsen, Hege
Sivertsen, Kjersti
Sundal, Siri
Torvund, Christine

*Sundag 3. mai kl. 12.15.*

Amundsen, Bjarte Skjøndal
Bratland, Alf
Bruvoll, Øyvind
Fanebust, Roar
Garlid, Geir
Hammersland, Frode
Hansen, Jan Kenneth
Hauge, Håkon Hagebø
Haugland, Cato
Helgø, Stein Kåre
Klaussen, Kjell Arne
Klaussen, Rune André
Mjelde, Steffen
Sivertsen, Børge
Skagen, Einar André
Skårnes, Vidar
Solhaug, Svein Tore
Storebø, Jo André
Sveri, Raymond
Thorsvik, Ulf Kjetil
Værøy, Asle

Almelid, Hildegunn
Andersen, Solfrid
Arnetvedt, Kari-Ann
Bolstad, Jane Randi
Bratland, Tove
Bysheim, Randi Haugen
Dalaker, Mariann
Eide, Anne-Margrethe
Flatabø, Marit
Flatås, Sissel
Garnes, Elisabeth
Hagebø, Mona Elisabeth
Halland, May Britt
Hammer, Britt Karin
Hauge, Berit
Jacobsen, Wibeche
Johnsen, Jannicke
Mjelde, Anne Karin
Nesse, Vivian
Nævdal, Elisabeth
Spord, Anne Grete
Sunde, Anne Kristin
Sunde, Ingunn Merete
Torsvik, Sandra
Totland, Grethe
Vevle, Anette
Wallem, Marianne

*Sundag 10. mai kl. 10.00*

Børhaug, Ronny
Einaas, Hans André
Garnes, Kjell Øystein
Garnes, Rune
Helland, Trond
Iversen, Stein Yngve
Jordan, Bjørn Atle
Karlsen, Jørn
Karlsen, Leif Arne
Kjønås, Johnny
Kleivane, Terje
Knudsen, Geir
Koch, Nils-Helge
Langeland, Geir
Langhelle, Ivar André
Leiknes, Ragnvald Andreas
Rygg, Eivind
Skaftun, Per Gunnar
Thornquist, Øystein
Tvilde, Tor
Wollmann, Asle
Aase, Ketil

Aune, Mona
Bakken, Anne Beathe
Berntsen, Laila
Brattetveit, Kristin Johanne
Bøe, Siv Gislaug
Erdal, Siri
Espeland, Anne Lise
Garnes, Marit
Haukeland, Anne Marie
Horvei, Wenche
Kvandal, Astrid
Magnussen, Vibeke
Mathisen, Marita Elisabeth
Midttun, Mona
Presttun, Marianne
Rørbakken, Berit
Sjurseth, Ellen Kristin
Sjøstrøm, Anita
Svanevik, Gunn
Svenning, Jorunn
Teigland, Wenche
Thunestveit, Anette
Torkildsen, Elisabeth Vedeler



*Sundag 10. mai kl. 12.15.*

Aga, Asbjørn
Andersen, Henning
Borge, Gunnar
Fyllingen, Ivar Kvant
Gjerstad, Morten
Haglund, Svein Erik
Halvorsen, Morten Noralf
Hansen, Jan Tore
Herdlevær, Øystein
Horvei, Eirik
Instefjord, Frode
Iversen, Kjell
Jensen, Frode
Kallestad, Helge
Lindkvist, Ronny
Paulsen, Hans Bjarte
Skogseide, Dag Asgeir
Svendsen, Jan Tore
Viken, Jarle
Øgaard, Per Kristian
Øy, Geir

Dimmen, Liss Wenche
Ekeland, Heidi
Hauge, Anne Britt
Herfindal, Kari
Nesse, Tone
Padøy, Sylvi
Paulsen, Anita
Pedersen, Tone Overøie
Raknes, Trine
Samuelsen, Unni
Skålnes, Liv Sunniva
Syslak, Trine
Velure, Ingrid
Wigum, Elna Helen
Aasen, Eli

# KONFIRMANTAR I YTRE ARNA

*Konfirmasjon 3. mai kl. 11.00.*

Andersen, Morten Werner
Angeltveit, Frank Roar
Bertelsen, Ronny
Eriksen, Rune
Hetlebakke, Jan Erik
Lilletvedt, Morten
Lund, Tore Rønquist
Løkebø, Ola
Norvik, Inge
Nævdal, Henrik
Olsnes, Amund Anders
Riise, Terje
Rydland, Geir
Stamneshagen, Ove Birger
Steinset, Frode
Unneland, Tor Grinde
Vangsnes, Frank
Wille, Christian

Askeland, Vigdis
Bognøy, Lisbeth Iren
Borgstein, Monica
Bratli, Liv
Bredenbekk, Siren Margrethe
Einmo, Torhild
Grøttå, Ann Siren
Haugland, May Britt
Hjortland, Wenche
Hundhammer, Sissel
Ibsen, Helen Wittendorff
Jacobsen, Marianne Elisabeth
Johansen, Anita
Johansen, Elin
Kristensen, Laila
Kronen, Aud Bente
Langeland, Birgitte
Litle-Karlsøy, Linda
Mjelde, Siv Jane
Nøkling, Grethe Palma
Olsen, Kari Ann
Petersen, Mariann
Rolland, Bente
Stavenes, Anne Berit
Thunes, Elin
Unneland, Mona
Aase, Randi Elisabeth.

## *KJÆRE KONFIRMANTAR*

Vi ynskjer Guds signing over konfirmasjonsdagen og takkar for samværa vi har hatt saman i konfirmasjonstida.
*«Legg din veg i Herrens hand, lit på han, så skal han gripe inn».* Salme 37.5.

**Målfrid Sandvik – Harald Haugsvær**
**Harald Sundsbø – Øyvind Øy**

# Familieside

**Arna sokn:**
**Døypte:**
15/3: Jannicke Larsen.
15/3: Elin Oen. Døypt i Hjelme Krk.
22/3: Hilde Eriksen, Marita Rysjedal.
22/3: Richard Vågenes døypt i Y.Arna Kirke.
25/3: Eirik Skare, Edith Sofie Unneland.
29/3: Camilla Thunestveit Jensen.
5/4: Thomas Michael Ytrearne, Hege Katrin Eikenes.

**Ytre Arna sokn:**
22/3: Kjetil Nesse, Kamilla Alver, Richard Vågenes.
29/3: Linn Therese Frisnes, Svein Haukås, Lin Hege Gjøen.

**Arna sokn:**
**Vigde:**
7/3: Atle Vidar Vik og Janne Karin Uglehus.
7/3: Øyvind Idar Knappskog og Ranveig Hustrulid. Vigde i Hamre Kyrkje.

**Arna sokn:**
**Døde:**
22/2: Mathilde Havre, f. 1900.
25/2: Inga Gjerde Lundtangen, f. 1904.
1/3: Margit Sofie Kvamme, f. 1907.
17/3: Maria Lie, f. 1898.
20/3: Brita Sandquist, f. 1890.
23/3: Klara Haarvik, f. 1895.
2/4: Jørgine Skaftun, f. 1902.

**Ytre Arna sokn:**
7/3: Ingolf Olsen, f. 1892.
14/3: Asmund Loftesnes, f. 1906.
25/3: Gustav Johannessen, f. 1897.

## Ofringane i kyrkjelydane:

**ARNA:**

| | | |
|---|---|---|
| 15/3 | Menighetsfakultetet | kr. 1241 |
| 22/3 | Bibelskulen ........ | kr. 2074 |
| 29/3 | Blå Kors ........... | kr. 1086 |
| 5/4 | Israelsmisjonen .... | kr. 2404 |

**YTRE ARNA**

| | | |
|---|---|---|
| 22/3 | Prostirådet ........ | kr. 486 |
| 5/4 | Diakoniutvalet ..... | kr. 456 |


GODKJENT AV BILTILSYNET
Aut. bilverksted
Aut. dekkforhandler

GODE TILBUD PÅ DEKK OG REKVISITA!

GOD SERVICE — RIMELIGE PRISER — HYGGELIG MILJØ!

*Velkommen til vår bensinstasjon!*

**Arnatveit Auto Senter**
**J.B. Myklestad**
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40
NOROL





**Solstrands Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50
**Solstrand Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50
*Alltid til tjeneste*

**VESTLANDSBANKEN**
Banken i Arna — for Arnafolk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.
**VESTLANDSBANKEN, avd. Arna**

**ESPELAND GARTNERI**
Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

**ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ**
Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

**ARNA SPAREBANK**
**Indre Arna · Espeland · Ytre Arna**
Banken i Arna frå 1866
**Banken der du bur**
**— til bygdefolket sitt beste gjennom 115 år.**

***ALLE VET***
at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss De også. Vi gir god service.
**Kversøy Bilforretning**
ESPELAND
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

**Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.**
**ARNA ELKJØP A/S**
Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger EL-KJØP

**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.
Kleiveland
**5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96**

# *Velkomen til kyrkje*



**1. mai:**
**Ytre Arna kl. 10.00:** Sokneprest Øy. Offer til Kristne Arbeideres forbund.
**3. mai:**
**Arna kl. 10.00:** Sokneprest Øy. Konfirmasjon. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.
**Arna kl. 12.15:** Sokneprest Øy. Konfirmasjon. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.
**Ytre Arna kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.
**10. mai:**
**Arna kl. 10.00:** Sokneprest Øy og res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
**Arna kl. 12.15:** Sokneprest Øy og res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.
**17. mai:**
**Arna kl. 11.00:** Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Søndagsskulen i Arna.
**Ytre Arna kl. 10.00:** Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø.
**Trengereid kl. 11.30:** Res.kap. Sundsbø. Offer til Søndagsskulen.
**13. mai:**
**Arna kl. 19.00:** Kveldsgudsteneste m/dåp. Sokneprest Øy.
**24. mai:**
**Arna kl. 11.00:** res.kap. Sundsbø. Nattverd. Sundagsskule i Borgstova under gudstenesten. Barnevakt.
**Arna kl. 19.00:** Ungdomsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Nattverd.
**Ytre Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Institutt for kristen oppseding. Barnevakt.
**Trengereid kl. 16.00:** Familiegudsteneste v/soknepr. Øy.
**28. mai:**
**Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Offer til Kristeleg kringkastingslag. Barnevakt.
**Ytre Arna kl. 11.00:** res.kap. Sundsbø. Offer til Det kvite band.
**31. mai:**
**Arna kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Sundagsskule i Borgstova under gudstenesten. Barnevakt. Kyrkjekaffi.
**7. juni:**
**Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Offer til Nordhordland Indremisjon.
**Ytre Arna kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Offer til Nordhordland Indremisjon.

**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**

**Utgjevar:** Soknerâda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna
**Redaksjonsnemnd:** Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Sylvi Sæle, Ragnhild Rismyhr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.
**Bladpengar:** kr. 25,-.
Postgiro nr. [illegible] eller bankgiro 8440.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

**Frist for innlevering av stoff til nr. 6: 10. mai.**